



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
04.11.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/10508 542.1  
Dykkar referanse

Eide Fjordbruk AS  
Fyllingsnes Fisk AS

### **Løyve til utslepp for Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS for matfiskoppdrett av laks og aure på lokaliteten 26292 - Langøy i Lindås kommune**

---

**Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 4.680 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokaliteten Langøy i Lindås kommune. Utsleppslovet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.**

---

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS av 9. august 2016 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 9. august 2016.

Verksemda søker om løyve til utviding av produksjonen frå 3.120 tonn til 4.680 tonn MTB utan endringa av arealbruk eller anleggskonfigurasjon.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå ordinær reingjering av produksjonsutstyr og medisinerer av fisk. Pr dato finst det ikkje eigne retningslinjer for dosering av lusemiddel og oppdrettar må kunne rekne med endringar i regelverket. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyting og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

## **Vurdering**

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld utviding av MTB frå 3.120 tonn til 4.680 tonn utan endringar i anleggskonfigurasjon eller arealbruk.

### *Tilhøvet til plan*

Denne søknaden gjeld auke i MTB som skal skje innafør gjeldande arealbruk. Anlegget ligg i dag innafør areal som er klarert til akvakulturføremål.

### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Auke i produksjon på ein lokalitet vil føre til auke i smittepress på villfisk i området, fleire vertar vil vere eit større reservoar for parasittar.

Dette tiltaket gjeld auke i MTB i anlegget, det blir difor inga endring i høve til arealbunde fritidsinteresser i området.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

### *Sjøområdet som resipient*

Lokaliteten er plassert i Fensfjorden (vassførekomst 0261040101-10-C). Vassførekomsten er på 84 km<sup>2</sup> og har svært god økologisk tilstand målt på biologiske parametrar. Den kjemiske tilstanden er ikkje god, truleg grunna utslepp frå industrifelta på Mongstad og Sløvåg. Det er funne miljøgifter i blautvev hjå blåskjel. Den kjemiske tilstanden i vassførekomsten har ikkje påverknad på fiskeoppdrett då oppdrettsfisken får fôr frå andre kjelder.

Fensfjorden er ein stor djup fjord som har opning mot ope hav. Vassutskiftinga blir vurdert som svært god i dei ytre delane av fjorden. Den tidevasstyrte vassutskiftinga avtar innover fjorden. Lokaliteten Langøy er einaste matfiskanlegg i denne vassførekomsten.

### *Miljøgranskingane på lokaliteten .*

MOM B granskingane har gjeve god tilstandsklasse. Samstundes syner siste gransking som vart gjort etter at anlegget vart utvida, at resultat av miljøtilstand på målepunktet er kopla til den lokale topografien. Lokaliteten ligg i svært bratt terreng, med hellingsgrad på over 160% (400 meter auke i djupne over eit strekke på 246 meter, hellingsvinkel 58,3 grader). Det ser ut til å skje ei oppsamling av organisk materiale ved foten av den bratte skråninga. Seinare MOM B-granskingar må ta omsyn til dei spesielle topografiske tilhøva, straumretninga og botnsubstrat.

MOM C-granskinga på lokaliteten vart gjort sommaren 2016 og har følgd gjeldande utgåve av standarden NS9410. Alle prøvepunktta ligg i den djupaste delen av fjorden. Alle prøvepunktta syner god miljøtilstand, med unntak av eine grabbskotet på stasjon C3. Dette er prøvestasjonen mellom C1 (nærast anlegget) C2 (lengst frå anlegget). Det er ikkje noko som tyder på at det eine grabbskotet med dårlegare skåre kan forklarast med utslepp frå oppdrettsanlegget.

Tabell 1: Straummålinga på Langøy, henta frå rapport utarbeidd av Rådgivende Biologer.

Målestad / djup	Middel hastigheit (cm/s)	Tilstandsklasse middel hastigheit*	Maks hastigheit (cm/s)	Andel straumsvake periodar <2 cm/s >2,5 t (%)	Tilstandsklasse andel straumsvake periodar *	Hovudstraumretning(ar)
Langøy 5 m	8,6	”sterk”	45,6	4,1	”svært lite”	SØ (+ VNV)
Langøy 15 m	9,1	”svært sterk”	36,2	12,4	”lite”	VSV + SØ
Langøy 90 m	2,6	”middels sterk”	23,6	55,1	”middels”	NV + SØ
Langøy 140 m	2,1	”middels sterk”	8,2	47,9	”lite”	VNV + ØSØ

Straummålinga syner god vassutskifting i dei øvste 140 meter av vassøyla. Vassutskiftinga i anlegget og spreingsstraumen er god.

### *Støy*

Matfiskanlegg produserer ein del støy, både frå dieselaggregat og frå arbeidsoperasjonar som notspyling, avlusing og fôrlevering. Det er sett grenser for støyutslepp i utsleppsløyvet. Avstand til næraste bustad eller fritidsbustad ser ut til å vere om lag 800 m. Denne avstanden skal normalt vere tilstrekkeleg til at støy hjå naboar ikkje overstig utsleppsgrensene, men spesielle tilhøve som type fôrflåte, aggregat m.v. kan føre til at støyen ber lenger enn normalt. Eide Fjordbruk AS pliktar å gjere tiltak som minimerer støyutsleppa.

### *Utslepp av kjemikal*

Utsleppsløyvet frå Fylkesmannen blir gjeve for eit produksjonsvolum og miljøverknadene av utslepp av organisk materiale blir følgd opp med MOM – granskingar. I nyare tid har det kome fram at oppdrettsnæringa har hatt ei sterk auke i forbruket av kjemikalie knytt til avlusing og notimpregnering. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av desse stoffa verkar på miljøet. Vi viser her til forureiningslova § 7 og internkontrollforskrifta § 5 punkt 6. Av desse følgjer det at alle utslepp skal risikovurderast, og mogleg konsekvens av utsleppa skal vurderast og dokumenterast.

### *Utslepp av organisk materiale*

Konsesjon for matfiskanlegg er dimensjonert som MTB – maksimalt tillate biomasse. Dette er diverre eit upresist mål på kor store utsleppa frå anlegget er. Storleiken på produksjonen i eit anlegg varierer mykje, avhengig av produksjonsstrategi, grad av sortering m.v. Over ein to-års syklus er snittet i Hordaland å produsere 1,5 gonger MTB, men variasjonane er store, frå under 1 gong MTB til nærare 3 gonger MTB. Difor er det viktig med miljøgranskingar på lokaliteten.

## *Naturmangfald*

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med matfiskanlegget på lokaliteten Langøy. Naturverdiar i området er gjort greie for i vedlegga til søknaden.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og MOM-B- og MOM C-ganskingar. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av å auke produksjonen i anlegget på Langøya. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Resipienten og vassførekomsten Fensfjorden får ei auke i utslepp av organisk materiale frå oppdrettsaktiviteten. Den samla belastninga på vassførekomsten vil vere innafør det vi vurderer å vere kapasiteten for resipienten (naturmangfaldlova § 10). Resipientgranskinga på Lokaliteten Langøy har synt at resipienten ikkje er uakseptabelt negativt påverka av oppdrettsaktiviteten i området.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Eide Fjordbruk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

## **Konklusjon**

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit utsleppsløyve på 4.680 tonn på lokaliteten Langøy i Lindås kommune.

Verksemnda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B- og MOM C-undersøkingar etter dei frekvensar som er gitt i gjeldande utgåve av NS 9410. Verksemnda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Det er gjeve løyv til ein stor produksjon og på ein lokalitet med særeigen topografi. Det må takast omsyn til dette ved neste MOM B-gransking.

## **Risikoklasse**

Verksemnda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventta ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemnda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

## **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemda skal betale 21.500 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

## **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

## **Klage**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Utsleppsløyvet

Kopi til:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ